

PROGRAMHEFTE

# KLASSISK I SETESDAL

13.-16. aug. 2020

**Kåre Nordstoga**

**Fjære Kammerkor**

**dir. Andrea Maini**

**Kristiansand Sinfonietta**

**Jasper Havelaar**

**Blåsekvintett**

**frå Kristiansand Symfoniorkester**

**Bach \* Beethoven \* folketonar \* Haydn \* Mendelssohn  
Nielsen \* renessansemusikk \* Tsjajkovskij**

# VELKOMEN

Kjære festivaldeltakrar!

Det er ei stor glede å kunne ynskje velkommen til festivalen «Klassisk i Setesdal».

Målet med festivalen er å presentere kyrkjemusikk og klassisk musikk av høg kvalitet i dei vakre kyrkjene våre i Øvre Setesdal. Vi håpar at mange – både lokale, hyttefolk og turistar – vil nytte denne sjansen til å få høre flott musikk med flinke musikarar i vakre omgjevnader.

Etter fire sesongar med sommarkonsertar i kyrkjene i Valle og Bykle har vi valt å teste ut eit litt annleis konsept der alle konsertane er samla på ei langhelg som ein minifestival. For dei som har lang veg, blir det no eit fint høve til å ta eit litt lengre opphold i Setesdal og kombinere konsertane med andre kultur- og naturopplevelingar.

Vi er stolte av at Kåre Nordstoga, domorganist i Oslo, har sagt ja til å opne festivalen med orgelkonsert i Valle kyrkje. Dessutan får vi høre Fjære kammerkor med eit utruleg flott program under leiing av Andrea Maini. Endeleg blir det tre konsertar med musikarar frå Kristiansand Symfoniorkester i ulike konstellasjonar. Programdetaljane finn du i dette heftet.

På grunn av koronakrisa var det lenge usikkert om det vart mogleg å gjennomføre festivalen, men heldigvis har ting lagt seg til rette slik at festivalen no kan gjennomførast. Dei viktigaste konsekvensane av korona er at vi berre kan bruke dei to største kyrkjene, Valle og Bykle, og at det berre er plass til om lag 100 publikummarar på konsertane. Dessutan følgjer vi naturlegvis alle gjeldande restriksjonar, m.a. krav til avstand og registrering av publikum.

Vi ønsker både publikum og utøvarar hjarteleg velkomne og takkar alle våre sponsorar og samarbeidspartnerar som gjer det mogleg å gjennomføre festivalen.

*Henrik West  
organist i Valle og Bykle*

# FESTIVALPROGRAM

Med tips om andre aktivitetar i området

## TORSDAG 13. AUGUST

- 13.00 Konsert med Eivind Knutsen, hardingfele (Sylvartun)
- 19.30 Orgelkonsert med Kåre Nordstoga (Valle kyrkje)

## FREDAG 14. AUGUST

- 13.00 Konsert med Eivind Knutsen, hardingfele (Sylvartun)
- 20.00 Konsert med Fjære kammerkor (Bykle kyrkje)

## LAURDAG 15. AUGUST

- 13.00 Vise-Taddeiv-festival (Bykle samfunnshus)
- 19.30 Konsert med Kristiansand Sinfonietta (Valle kyrkje)
- 22.00 Cellokonsert med Jasper Havelaar (Valle kyrkje)

## SUNDAG 16. AUGUST

- 13.00 Finalekonsert med musikarar frå KSO (Bykle kyrkje)



## BILLETTAR

Vi oppmodar alle om å kjøpe festivalpass på førehand. Dersom det er ledig kapasitet, vil det vere mogleg å kjøpe enkeltbillettar i døra før konsertane. Festivalpasset kan kjøpast på [ebillett.no/bykle/26333](http://ebillett.no/bykle/26333) (750 kr.).

## ADRESSAR

Valle kyrkje: Nordibøvegen 94, 4747 Valle  
Bykle kyrkje: Kyrkjevegen 6, 4754 Bykle

## KONTAKT

organist Henrik West, mob. 907 48 168, e-post: [organist@bykle.kyrkja.no](mailto:organist@bykle.kyrkja.no)

# **TORSDAG 13. AUGUST**

## **KI. 13.00 Konsert med Eivind Knutsen, hardingfele og munnharpe**

Gratis minikonsert i regi av Kulturpatrulja. Konserten er på Sylvartun som har utstillingar om folkemusikken i Setesdal. Museet er ope kvar dag 11-17.

## **KI. 19.30 Konsert med Kåre Nordstoga, orgel (Valle kyrkje)**

KÅRE NORDSTOGA (1954) er frå Heddal i Telemark og har organistutdanninga si frå musikkhøgskulen i Oslo. Etter debutkonserten i 1978 studerte han vidare hjå David Sanger i London og var ei tid organist i Ullern kyrkje før han kom til Oslo domkyrkje i 1984. Han har også vore knytt til Norges Musikkhøgskole som lærar i orgelspel. Nordstoga har i mange år vore ein av dei mest aktive konsertorganistane våre, både som solist og akkompagnatør. I tillegg til konsertar rundt om i Noreg, har han spelt ei lang rekke konsertar i heile Europa og så langt borte som i Tokyo. Som domorganist i Oslo domkyrkje framfører Nordstoga jamleg eit stort orgelrepertoar, m.a. har han to gongar gjeve populære konserttrekkjer med Bachs samla orgelverk. Han har spelt inn mange CD-plater, og for tida er han i ferd med å fullføre ei innspeling av Bachs samla orgelverk på historiske orgel i Europa. Ei av CD-platene frå katedralen i Caen ble nyleg kåra av BBC Radio 3 som beste innspeling av Widors Symfoni nr. 5. Nordstoga har urframført ei rekke norske verk, m.a. «Guds kyrkjefolk syng», av Egil Hovland, «Samanfuga» av Magnar Åm, «Lux Mundi» av Marcus Paus og «Tibil» av Olav Anton Thomassen. Han har også i mange år vore nytta som konsulent ved bygging av nye orgel. Nordstoga er to gonger blitt nominert til Spelemannsprisen, og fekk i 2006 Lindemanprisen. I 2016 blei han utnemnt til riddar av 1. klasse av Den Kongelige Norske St. Olavs Orden.

Det var eigentleg tanken at Kåre Nordstoga skulle ha framført dei 12 nyskrivne folketonepreludia sine på denne konserten, men sidan koronaen sette ein stoppar for urframføringa av desse, den 14. mars under Oslo Internasjonale Kirkemusikkfestival, får vi berre høyre eit mindre utval – som ein føremønster. Gjev det meirsmak, er det berre å reise til Oslo til kirkjemusikkfestivalen i 2021! På konserten i Valle får vi i tillegg høyre ei rekke mindre stykke for orgel frå den italienske renessansen.

Med sine nyskrivne orgelpreludium set domkantor Kåre Nordstoga gamle religiøse folketonar inn i kyrkjeorgelet si klassiske og uttrykksfulle klangverd. Nordstoga har i mange år samarbeidd med ulike folkemusikkarar og laga arrangement av norske religiøse folketonar for samspel. Han har vore oppteken av folketonane ikkje berre som isolerte melodiar, men også dei særeigne utøvartradisjonane som knyter seg til dette musikalske materialet.

Melodiane som dukkar opp undervegs, éin i kvart preludium, blir presentert i meir eller mindre original form utan tradisjonelle variasjonsteknikkar. Dei spreier seg rundt, stykkevis og delt, saman med motiv frå anna tradisjonsstoff, spontant og uforpliktande, slik det ofte er, når to verder møttast. Dei 12 preludia blir bruksmusikk som seinare kan brukast både saman og kvar for seg.



#### **PROGRAM: «Italiensk renessansemusikk og norske folketonar»**

G. Frescobaldi (1583-1643): Toccata Prima

**Med Jesus vil eg fara** (Sunnmøre)

Andrea Gabrieli (1532-1585): Toccata del X Tono

**Eg veit i himmerik ei borg** (Hallingdal)

N. Bruhns (1665-1697): Preludium og fuge e-moll

**Jeg ser deg, o Guds lam å stå** (Lom)

**Korset vil jeg aldri svike** (Lesja)

Claudio Merulo (1533-1604): Toccata secunda del 1. tono

**Dagsens auga sloknar ut** (Tuddal)

Claudio Merulo: La Rolanda

**Nu solen går ned** (Tuddal)

*Entré: 200 kr. Gratis u/18 år.*

# **FREDAG 14. AUGUST**

## **KI. 13.00 Konsert med Eivind Knutsen, hardingfele og munnharpe**

Gratis minikonsert i regi av Kulturpatrulja. Konserten er på Sylvartun som har utstillingar om folkemusikken i Setesdal. Museet er ope kvar dag 11-17.

## **KI. 20.00 Konsert med Fjære kammerkor (Bykle kyrkje)**

Fjære kammerkor blei starta av barokkentusiastar i 2006 under leiing av kantor Andrea Maini. Koret har omlag 20 aktive medlemer i ulike aldersgrupper. Repertoaret varierer frå renessanse-musikk av komponistar som Allegri, via barokk med D. Buxtehude og J.S. Bach, til romantikken med Edvard Grieg. Koret har opptredd både i Noreg, Italia og Tsjekkia. I Noreg har koret sunge i både Tyssedal og Vemork kraftverk, der songen i maskinhallane var med ein fantastisk akustikk. I fjor haust var ein del av medlemene i Nord-Italia og Monaco og song saman med Gruppo Vocale Heinrich Schütz fra Bologna. I tillegg til dette, deltek koret på større arrangement og gudstenester i Fjære kyrkje.

Fjære Kammerkor har sett opp Händels «Messias» i Fjære kyrkje mange gonger, og framførte det i desember 2019 sammen med andre koristar og stort orkester i Trefoldighetskirken i Arendal.



## PROGRAM:

M.A. Cavazzoni (1485-e.1569): *Recercada de manca in Bologna* – orgel

G. Allegri (1582-1652): Pinsemotett *Repleti sunt omnes* – kor  
Påskemotett *De ore prudentis* – kor

G. Palestrina (1525-1594): *Agnus Dei* – frå Missa sine nòmine – kor

G.F. Händel (1685-1759): frå Messias:  

- *How beautiful are the feet* – sopransolo
- *The Lord gave the word* – kor
- *Lift Up Your Heads* – kor
- *Thus saith the Lord* – bass-solo
- *For behold, Darkness shall cover the Earth* – bass-solo
- *And He Shall Purify* – kor
- *Glory to God* – kor
- *Behold, I tell you a Mystery* – bass-solo
- *The Trumpet shall sound* – bass-solo
- *Halleluja* – kor

J. S. Bach (1685-1750): *Quia Respexit* – frå Magnificat BWV 243 – sopransolo

*Partita O Gott, du frommer Gott* – BWV 767 – orgel

G.B. Pergolesi (1710-1736): *Cujus animam gementem* – frå Stabat Mater – sopransolo

*Vidit suum* – frå Stabat Mater – sopransolo

D. Buxtehude (1637 – 1707): Kantate Ad Manus – frå Membra Jesu Nostri BuxWV 75

Sopransolo: Laila Thortveit

Bass-solo: Kjell-Erik Jørgensen

Orgel og direksjon: Andrea Maini

*Entré: 200 kr. Gratis u/18 år.*

# LAURDAG 15. AUGUST

## KI. 13.00-18.00 Vise-Taddeiv-festival (Bykle Samfunnshus)

Setesdal Sogelag står bak dette arrangementet som har Vise-Taddeiv i fokus. Han heitte eigentleg Torleiv Åsmundson Byklum og levde frå 1836 til 1916. Olav M. Holen vil fortelje om liv og virke til denne spesielle mannen. Karin Bøe vil fortelje om vekunsten hans. Torhild Sandnes og Terje Bråteit vil fortelje litt om slektingane hans i Valle og Suldal. Ordførar Jon Rolf Næss og Hadle Bakka vil avduke minnestenen og plante ein asal. Hallvard T. Bjørgum vil fortelje om felemakaren Olav Bråteit frå Suldal og Marton Laksesvela vil spele slåttar frå Suldal. Elbjørg Trydal Rysstad og Vetle Tveiten Hoslemo vil kvede for oss. Og ikkje minst, Hege Cecilie Trydal frå Støylo Gardsbakeri vil selje suppe og kaffimat. Arrangementet er gratis med plass til 200 deltakrar.

## KI. 19.30 Konsert med Kristiansand Sinfonietta (Valle kyrkje)

Kristiansand Sinfonietta er eit nystarta ensemble samansett av musikarar frå – og busett i Kristiansand. Ensemblet er leia av Loussine A. Idsøe som er violinist i Kristiansand Symfoniorkester. Ho har over 15 års røynsle som solist, kammermusikar og orkestermusikar, og starta dette ensemblet i 2019. I dag er ho, i tillegg til verksemda si i symfoniorkesteret, kunstnarisk leiar og manager for Kristiansand Sinfonietta. Kristiansand Sinfonietta opplevde stor suksess under debut-turnéen sin på Sørlandet hausten 2019. Fædrelandsvennen kalla konserten i Kristiansand Domkirke «kammermusikk av internasjonal klasse» og gav ensemblet en femmar for framføringa. I tillegg til fine konsertar på Sørlandet har ensemblet også gjennomført ein uke-lang turné i Danmark med 7 vellykkja konsertar rundt om i landet. Ensemblet spelte for fulle hus og hausta god kritikk i Danmark. Dei ble omtalt i den danske radioen og sikra seg nye konsertavtalar for 2021 samt ein platekontrakt med Walkway Records.

*«Store symfoniorkestre er et relativt nytt fenomen. Går vi litt tilbake i historien, ser vi at atmosfæren rundt klassisk musikk var mer avslappet og enkel både i format, så vel som etikette. Konsert var en hverdaglig aktivitet for borgere av hele samfunnet og alle sosiale lag. Min erfaring er at et kammerorkester og musikken vi da får mulighet til å presentere, gjør at publikum som ellers vegrer seg for å oppsøke konsertsaler, lettere tar turen. Vår målsetting er å tilby høy kvalitet med oppriktighet, samt ydmykhet i møte med publikum.»* - Loussine A. Idsøe, Kunstnerisk leder

## PROGRAM:

Joseph Haydn (1732-1809):

**Jesu sju siste ord på korset**, Op. 51

Felix Mendelssohn (1809-1847):

**Strykekvartett nr. 3 i D-Dur**, Op. 44,  
nr. 1

1. Molto allegro vivace
2. Menuetto: Un poco allegretto
3. Andante espressivo ma con moto
4. Presto con brio



Kvartetten består av:

Loussine Azizian Idsøe, 1. violin

Pål Svendsberget, 2. violin

Piotr Slowik, bratsj

Jasper Havelaar, cello

*Entré: 200 kr. Gratis u/18 år.*

## KI. 22.00 Cello-konsert med Jasper Havelaar

Jasper Havelaar, fødd 1973, fekk utdanninga si som cellist i Conservatorium Rotterdam. Etter studia blei han tilsett i Residentie Orkest i Den Haag og fekk jobbe med fleire velkjende dirigentar m.a. Yevgeny Svetlanov, Neeme Järvi, Jorma Panula og Jaap van Zweden. Ved sida av orkesterjobben etablerte Jasper seg som kammermusikar, hovudsakeleg som medlem av Devich Trioen, som spelte mange konsertar i Nederland og i utlandet, og for den nederlandske kringkastinga. Fleire innspelingar frå Devich trioen med musikk av m.a. Smetana, Dvorak, og Piazzolla kan du finne på ymse streaming services og webshops. Sidan 2012 har Jasper jobba i Kristiansand Symfoniorkester.

## PROGRAM:

J.S. Bach (1685-1750):

Cello-suite nr. 2 i D-moll

Cello-suite nr. 4 i Ess-dur

*Entré: 100 kr. Gratis u/18 år.*



# SUNDAG 16. AUGUST

## Kl. 13.00 Finalekonsert (Bykle kyrkje)

På denne konserten får vi høyre musikarar frå Kristiansand Symfoniorkester i ulike konstellasjonar. Om Kristiansand Sinfonietta: Sjå side 8.

Blåsekvintetten frå Kristiansand Symfoniorkester består av soloblåsarane for dei respektive instrumentgruppene. Som soloblåsar har ein ansvar for å leie si eiga gruppe, men også å samarbeide i tett samspel med dei andre gruppeleiarane innanfor din seksjon, som i dette høvet vil vere treblåsarseksjonen. Det er derfor viktig og gjevande for oss å av og til spele kammermusikk saman for å dyrke og utvikle dette tette samspelet. Repertoaret for blåsekvintetten er stort og variert. Eit av dei mest spelte verka for denne besetninga, er nettopp Carl Nielsens blåsekvintett, komponert i 1922 for fem musikarvener, og der kvar stemme er forma ut frå ein tanke om å framheve individualiteten til kvar av musikarane.



## PROGRAM:

Pjotr Iljitsj Tsjajkovskij (1840-1893):

**Souvenir de Florence** (strykesekstett i d-moll), Op. 70 (1890) (3. og 4. sats)

3. Allegretto moderato
4. Allegro con brio e vivace

Carl Nielsen (1865-1931):

**Blåsarkvintett**, Op. 43 (1922)

1. Allegro ben moderato
2. Menuet
3. Preludium – Tema con variazioni

*Pause*

Ludwig van Beethoven (1770-1827):

**Septet i Es-dur**, Op. 20 (1800)

1. Adagio – allegro con brio
2. Adagio cantabile
3. Tempo di menuetto
4. Tema con variazioni: Andante
5. Scherzo: Allegro molto e vivace
6. Andante con moto alla marcia

Medverkande:

*Tsjajkovskij:*

Loussine Azizian Idsøe, 1. fiolin

Yuka Sato, 2. fiolin

Piotr Slowik, 1.bratsj

Anne Camilla Furre Thommesen, 2.bratsj

Jasper Havelaar, 1. cello

Krisztina Tokaji Eikeset, 2.cello

*Beethoven:*

Yuka Sato, violin

Anne Camilla Furre Thommesen, bratsj

Krisztina Tokaji Eikeset, cello

Jan Mathiasson, bass

Stig Nordhagen, klarinett

Simon Breyer, horn

Yuan Tianwei, fagott

*Nielsen:*

Anne Randi Haugejorden, fløyte

Roar Brostrøm, obo

Stig Nordhagen, klarinett

Simon Breyer, horn

Yuan Tianwei, fagott

*Entré: 250 kr. Gratis u/18 år.*

Våre sponsorar:



SETESDAL



Følg festivalen på Facebook: «Klassisk i Setesdal»

Arrangør:

